



--

Arkiv saknr:	2018/2940
Løpenr.:	21430/2018
Arkivkode:	233

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne		

Sakshandsamar: Signe Marie Kittelsaa

Korleis fordele midlane i Den kulturelle spaserstokken

Tiltak i ordninga:

Ein grov oversikt over kva som er gjort under hatten DKSS i 2018:

- Syngande eldreinstitusjon i Åmot og Rauland
- Konsert på Vinje sjukeheim på sundagar fram til påske + sporadisk i haust
- Viser og dikt på Rauland gjennom Folkeakademiet Rauland
- Viseklubb ein gong i månaden gjennom Folkeakademiet Vinje
- Kjøpt konsertar og teater til alle institusjonane
- Halde ope på Lokalhistorisk arkiv kvar 14.dag
- Støtta bladet 60+

Bakgrunn:

Leiar Asbjørn Gardsjord tinga ei sak der ein ser på bruken og fordelinga av midlane i DKSS. Kommunen får tildelt midlar frå stat/fylke til DKSS etter kor mange innbuarar me har over 70 år. I 2018 er summen kr 16 000.- I 2017 var den på 23 000. Vinje kommune sett óg av midlar i budsjettet til dette formålet. I 2018 sette dei av kr. 50 000.-

Midlane har blitt brukt til å kjøpe konsertar og teater til institusjonane. Ein har og kjøpt seg tenester av Folkeakademiet i Rauland og Vinje gjennom å støtte dei i å drive Viser og dikt og viseklubb med allsong. Det er mange som sender tilbod til kultur om konsertar og tilskipingar dei ynskjer å ha på institusjonane våre. Me sender ein del av dei vidare til institusjonane slik at dei kan vurdere om dei vil ta imot eller ikkje. Me har og formidla program til pensjonistlag.

Dei tre institusjonane er ulike i drift og bebuarar og det er ikkje alt som er like velkome alle stader. Norheimstunet har mykje lokalt kulturliv og organisasjonar inn på huset sitt. Dette er veldig bra, men av den grunn takkar Norheimstunet av og til nei til tilbod utanfrå. Rauland

og Åmot har vore med på eit prosjekt med *Syngande eldreinstitusjon* og har drege ein del nytte av at personalet skal bruke song i kvardagen. Pensjonistlaget i Ytre Vinje, i samarbeid med Frivilligsentralen, har hatt bok- og songvener på Vinje sjukeheim. Dei samarbeider og om Bokkassa. Dette er eit veldig bra tilbod som ein gjerne skulle fått utvida til fleire grender.

Folkeakademiet har hatt konsert mange sundagar med lokale krefter. Mykje av dette arbeidet er dugnad.

Vurdering:

Kultureininga har hand om dette budsjettet og har fordelt tilbod og tiltak etter kva tilbod som har kome inn og kva brukargruppa (institusjonane) har etterspurt. Ein har og brukt pengar frå andre budsjettpostar enn DKSS til tiltak som gangnar denne gruppa. Grendene og institusjonane er ulike og har difor forskjellige behov for kva dei treng og etterspør. For dei pengane me får frå Fylket, må me rapportere på kva me har brukt pengane til. Fylket forventar óg at kommunen legg like mykje i potten som det me får frå dei. Vinje kommune ligg langt over det kravet.

Andre ting som spelar inn på kva dei ulike institusjonane har av tilbod er kva lokale lag stiller opp med og kor mykje pengar som blir gjeve i gåve til institusjonen ved gravferder. Det arbeidet som blir gjort av frivillige i førebygging av einsemd og utanforskap er det viktigaste arbeidet. Møteplassar med låg terskel har me ein del av, men ikkje alle er like godt kjent blant folk. Dette vil Frivilligsentralen prøve å endre på. Dei vil kartlegge alle desse møteplassane og formidle det ut til alle som treng ein fast møteplass, kanskje med ein ekstra dytt, eller med ein ven.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Vinje kommune set av kr. 50 000,- til DKSS i 2019**
- 2. Kultur i samarbeid med Frivilligsentralen, lagar halvårsprogram for DKSS**
- 3. Pengane held til 4-5 tiltak pr. institusjon**
- 4. Tilskott frå fylket får me i oktober 2019.**
- 5. Tilskott til andre tiltak etter søknad**

Rådmannen, 08.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/